

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 13.08.2021

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen

SAKA GJELD: **Orientering om lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 01.06.21 - 13.08.21**

ARKIVSAK: 2021/136

STYRESAK: 064/21

STYREMØTE: 01.09. 2021

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 01.06.21 - 13.08.21

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/lovendringa gjeld
Lov om endring i helsepersonellova og pasientjournallova	11.06.21	Det blir lovfesta - at det i konkrete behandlingssituasjonar kan bli gjort oppslag i ein pasient sin journal for å yte helsehjelp til ein annan pasient - ny lovheimel for etablering av behandlingsretta helseregister med tolka genetiske variantar, på tvers av verksemdar - ny føresegn om deling av pasientopplysingar i helsefaglege arbeidsfellsskap - ein avgrensa adgang til å gjere tilgjengeleg opplysingar frå ein pasient sin journal for å finne ut om opplysingar om pasienten kan egne seg for undervisning

		Endringane tek til å gjelde frå 1. juli 2021.
Endring i spesialisthelsetenestelova og helsepersonellova	10.05.21	Helseføretaka sin plikt til å opprette kliniske komitear og komiteane sin samansetting og oppgåver er blitt lovregulert ved lov av 7. mai 2021 nr. 31. Ein ny føresegn som gir helsepersonelle adgang til å kunne dele pasientopplysingar med medlemmene i ein klinisk etikkomite tok til å gjelde frå 1. juli 2021. Unntaket frå teieplikta er avgrensa til konkrete saker der det er behov for å drøfte etiske utfordringar i ein klinisk etikkomite og der det ikkje er praktisk mogleg eller klart uhensiktsmessig å innhente samtykke frå pasienten.
Lov om endring i helse- og omsorgstenestelova	18.06.21	Nytt punkt i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd som stiller krav om at samarbeidsavtalene mellom kommunane og helseføretak skal innehalde ein konkret omtale av korleis partane saman skal utvikle og planlegge tenestene.

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 01.06.21 - 13.08.21

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endringa gjeld
Covid-19-forskrifta		Det blir jamleg gjort endringar i covid-19-forskrifta. Siste endring er gjort 11. august 2021. Oppdatert versjon av forskrifta er å finne på lovdata; Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (covid-19-forskriften) - Lovdata For oversikt over endringar og andre relaterte tilrådingar, sjå endringslogg til Helsedirektoratet si rettleiar med oversikt over avgjersler og tilrådingar knytt til koronaviruset; https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/endringslogg

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 01.06.21 - 13.08.21

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	15.06.21	Det blei gjennomført føretaksmøte i Helse Vest RHF 15. juni 2021 for behandling av årleg melding 2020, godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2020, tilleggskrav for 2021 mm. Krav om tverrfaglege regionale seinfølgjeklinikkar etter covid-19, jf. krav 10, er følgt opp i eige brev sendt helseføretaka 1. juli 2021. Det vil bli gjennomført føretaksmøter med helseføretaka for vidareføring av relevante oppdrag.
Tilleggsdokument til Oppdragsdokumentet 2021	24.06.21	Tilleggsdokumentet blir lagt fram for styret i eiga sak.